



Asbjørn Rune Aa
Holteigvegen 19
6854 Kaupanger

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sunniva Nybøe Førland, 5557 2138

Vedtak - Byggesak - Sogndal kommune – dispensasjon for lenging av masseuttak på Myradn

Vi viser til Sogndal kommune si oversending av klagesaka i brev av 11.02.2021. Vidare viser vi til klagen dykkar i brev av 09.11.2020.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland opphevar Sogndal kommunestyre sitt vedtak av 21.10.2020, sak 20/4805, dispensasjon for lenging av masseuttak.

Bakgrunn for saka

Vi legg til grunn at de er kjent med saka og gjev derfor berre ei kort oppsummering her.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå føresegner om tidsavgrensing for masseuttak på Myradn.

Kommunen har i vedtak av 21.10.2020 gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen, slik at området kan nyttast som masseuttak fram til 31.12.2024. Det er sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

- *Sprenging, pigging og knusing av massar skal vere ferdig innan 3,5 år, og i samsvar med vedlagt framdriftsplan.*
- *Arbeid med pigging og knusing skal avgrensast til tidsrommet måndag-torsdag 07.00-16.00 og fredag 07.00-12.00.*
- *Sprenging skal avgrensast til tidsrommet måndag-onsdag kl. 07.00-19.00*
- *Lause massar skal lagrast slik at støyulemper frå verksemda mot kringliggjande bustader vert avgrensa så langt som råd er.*
- *Det skal setjast opp støymåler som dokumenterer drifta og at støytilhøva frå verksemda ikkje overstig grenseverdiar for støy.*
- *Det skal etablerast system for SMS-varsling av sprenging.*

Det skal haldast halvårlege dialogmøte mellom tiltakshavar, entreprenør og administrasjonen for å sikre at framdrifta er i samsvar med planen og at andre vilkår i vedtaket vert følgde opp.



De er busette i byggjefeltet på Kaupangerskogen og har klaga på vedtaket. De meiner at saka ikkje kan handsamast som dispensasjonssak, fordi drifta har store miljømessige konsekvensar for nærmiljøet og innbyggjarane på Kaupanger. De skriv at steinknusing gjev store støy- og støvplager. Vidare peikar de på at det ikkje ligg føre støy- og støvmålingar som dokument i saka. Elles viser de til at 131 innbyggjarar på Kaupanger har signert eit opprop om at steinuttaket må stoppast i samsvar med reguleringsplanen. Vi viser til klagen i sin heilskap.

I etterfølgjande brev av 03.02.2021 viser de til feil i sakshandsaminga ved at dispensasjonssøknaden ikkje har vore sendt på høyring til Statsforvaltaren.

Vedtaket blei òg klaga på av Fredheim Maskin og Betong AS. Kommunen avviste klagen den 10.12.2020.

Klagen blei handsama av kommunestyret i vedtak av 18.02.2021, sak 5/21. Klagen blei ikkje teken til følgje. Saka er derfor sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klagesaker etter plan- og bygningsloven, sjå pbl. § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09. Vi skal sjå til at kommunen ved handsaminga av saka har følgd lover, forskrifter og sakshandsamingsreglar som gjeld på området.

Forvaltningslova (fvl.) gjeld for Statsforvaltaren si sakshandsaming jf. pbl. § 1-9 første ledd. Statsforvaltaren kan «prøve alle sider av saken og herunder ta hensyn til nye omstendigheter». Vi «skal vurdere de synspunkter som klageren kommer med, og kan også ta opp forhold som ikke er berørt av ham» jf. fvl. § 34 andre ledd.

Vi kan stadfeste kommunen sitt vedtak, gjere om vedtaket eller oppheve det og sende saka tilbake til kommunen for heilt eller delvis ny handsaming jf. fvl. § 34 fjerde ledd.

Plansituasjon

I arealdelen til kommuneplanen (2013-2023) er området sett til næringsverksemd.

Området er omfatta av reguleringsplanen Industriområde Myradn, del av gbnr. 105/2 (ID: 1420-2008002). Planen tredde i kraft 11.09.2008. Utklipp av reguleringsplankartet er vist i marginen til høgre. Skravert område i blått har arealføremålet forretning, kontor. Lilla område er avsett til industri. Den 01.12.2016 blei det vedteke ei mindre endring i føresegnene til reguleringsplanen jf. pbl. § 12-14. Det blei mellom anna vedteke følgjande:


«Området kan nyttast som masseuttak fram til november 2020. Denne tida inkluderer avslutning, opprydding og tilsåing.

...

Driftstid på anlegget skal setjast til 07.00-18.00, måndag til torsdag, og 07.00 - 16.00 på fredag».

Dispensasjon

Planar er bindande for nye tiltak. Vilråra for å dispensere frå plan følgjer av pbl. § 19-2 andre avsnitt:





«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler».

Vilkåra for dispensasjon i pbl. § 19-2 andre ledd er rettslege vurderingstema, ikkje eit kommunalt skjøn. Dersom vilkåra er oppfylt «kan» kommunen gje dispensasjon jf. pbl. § 19-2 første ledd. Ingen har krav på dispensasjon. Etter forvaltningspraksis skal grunnen for å gje dispensasjon vere spesiell og gjelde særleg for tiltaket. Kommunen skal ikkje dispensere ut frå meir generelle vurderingar.

Saka må vere tilstrekkeleg opplyst

Før det blir gjort vedtak om å gje eller avslå ein dispensasjonssøknad må saka vere tilstrekkeleg opplyst jf. fvl. § 17. Dette gjeld også når klageinstansen skal vurdere saka jf. fvl. § 33 siste avsnitt. Saka må vere så godt opplyst at det er mogleg å avgjere om vilkåra for å gje dispensasjon er stetta.

Vi viser til sak frå Sivilombudsmannen der saka si opplysning var tema:

«Forvaltningen trenger en rekke opplysninger for å kunne vurdere om vilkårene i § 19-2 annet ledd er oppfylt. Noen opplysninger må forvaltningen sørge for, mens andre opplysninger – typisk om tiltaket – må tiltakshaver selv bistå med.

...

Bygningsmyndighetene må veilede søker om hvilke opplysninger som er nødvendige for å kunne vurdere om det er grunnlag for å gi dispensasjon».¹

I pbl. § 19-1 er det stilt krav om at «Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer». I forarbeida til føresegna går det fram at «Denne foreleggingen er viktig for å sikre at nasjonale og viktige regionale interesser blir ivaretatt. Dersom dette ikke gjennomføres i praksis, kan vedtak om dispensasjon bli ugyldig».²

Plankrav

Det følgjer direkte av plan- og bygningslova at «For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan» jf. § 12-1 tredje avsnitt. Ved endring av reguleringsplan gjeld same føresegner som ved utarbeiding av ny plan jf. pbl. § 12-14 første avsnitt.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen skriv at «Omsynet bak føresegna vedteken 01.12.2016 er å klargjere arealet til næringsverksemd i samsvar med reguleringsplanen innan november 2020 og å avgrense driftsperioden på grunn av ulempene knytt til støy frå drifta».

Vidare går det fram at omsynet bak føresegna om tidspunkt for drifta er at «drift ikkje skal føregå på kveldstid mellom anna for å hindre støyulempen for bruk av uteoppfallsareal i bustadområda».

Dispensasjonen inneber at drifta får halde fram i fire ekstra år. Sprenging, pigging og knusing av massar skal vere ferdig innan 3,5 år. Vi har forstått det slik at drifta fram til september 2020 har vore

¹ SOM-2015-561.

² Ot.prp.nr. 32 (2007-2008), s. 242.



på cirka 19 lastebillass med ferdig knuste massar per dag. Framtidig drift ved dispensasjon inneber derimot ein produksjon på 30 lastebillass med ferdig knust masse per arbeidsdag.³

For å avgjere om omsynet til å avgrense støyproblematikk blir vesentleg tilsidesett, må støytilhøva vere dokumenterte og utgreidde av fagkunnige. Vi meiner at det er ein klar mangel at det ikkje er utarbeidd ein oppdatert støyrapport som peikar på konkrete støykrav og avbøtande tiltak som skal innarbeidast i føresegnene til ein oppdatert plan, eller eventuelt som konkrete og etterprøvbare krav til eit dispensasjonsvedtak.

Det vart utarbeidd ein støyrapport i 2015. Vi saknar ei støyvurdering som tek utgangspunkt i dagens forhold og aktivitet på staden, med eventuelle nye bustader i nærområdet og som tek utgangspunkt i eventuell endra plassering av støykjelder i uttaksområde. I 2015-rapporten går det fram at støykrava vert brotne på dagar med boring og/eller pigging. Det er uklart korleis dette stiller seg ved framtidig uttak.

Vi har merka oss at det er sett vilkår om støymåler som dokumenterer at støytilhøva ikkje overstig grenseverdier for støy. Vi kan ikkje sjå at det er presisert kva støykrav kommunen her refererer til. Viss vilkåret er ei rein tilvising til krav etter forureiningforskrifta kapittel 30,⁴ inneber vilkåret ingen nye plikter for tiltakshavaren. Støy er eit plantema og dermed òg sentralt å vurdere i ei dispensasjonssak. Vi viser til Temaveileder - Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven:

*«Tiltak innenfor bruddområdet med sikte på å begrense ulemper for omgivelsene, kan fastsettes i reguleringsplan. Dette kan være krav om å asfaltere driftsveger for å begrense støv, krav om sedimentasjonsdam for å forebygge uheldig avrenning, krav om støyvoll eller rammer for driftstid for å begrense støyulemper, eller andre tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille utslippskravene. Grenseverdier for forurensning framgår direkte av forurensningsforskriften kap 30, og bør ikke gjentas i planbestemmelsene».*⁵

Å utgreie støytilhøva legg til rette for at kunne stile presise krav til verksemda. Vilkåret om at lausmassar skal skjerme mot støy «så langt som råd», er derimot eit døme på eit uklart og vanskeleg etterprøvbart krav.

Vi vurderer det òg slik at støvtilhøva som den omsøkte lenginga av masseuttaket inneber, må opplystast ytterlegare. Vi viser til at det er utarbeidd ein førebels rapport av 27.08.2020, men resultatet gjeld berre for ein periode før november 2020. Den er dermed ikkje representativ for den omsøkte lenginga, der drifta blir monaleg meir intensiv.

Statsforvaltaren har etter dette kome til at dispensasjonssaka ikkje er tilstrekkeleg opplyst til å kunne avgjere om vilkåra i pbl. § 19-2 er stetta. Dispensasjonen må derfor opphevast jf. prinsippet i fvl. § 41. Vi understrekar at vi ikkje har teke stilling til om saka, utanom støy- og støvtilhøva, er godt nok opplyst.

³ Opplysningane går fram av søknaden datert 10.09.2020.

⁴ FOR-2004-06-01-931

⁵ Punkt 6. Tilgjengelig på

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/2011/vedlegg/veiledninger/mineralske_forekomster/temaveileder_mineral.pdf



Vi gjer kommunen elles merksam på at vilkåret om at sprenging skal avgrensast til tidsrommet måndag-onsdag kl. 07.00-19.00, er i strid med forureiningsforskrifta (Forskrift om begrensning av forurensning) § 30-8. Det følgjer av føresegna at «... Sprengningar skal bare skje i tidsrommet mandag til fredag kl. 0700-1600. ...». Kommunen kan ikkje gje lempelegare krav enn det forureiningsforskrifta opnar for.

I klaga blir det vist til at de ikkje kan sjå at dispensasjonssøknaden er vurdert etter forskrift om avgrensing av forureining. Denne klagegrunnen kan ikkje føre fram. Plan- og bygningsmynden skal ikkje handsame saka etter kapittel 30 i forskrift om avgrensing av forureining. Eventuelle reguleringsføresegner kan ikkje vere lempelegare enn forskrifta , jf. det som er sagt tidlegare om dette.

Statsforvaltaren gjer merksam på at kommunen plikter å vurdere om tiltaket er så stort og har slike vesentlege verknader for miljø og samfunn at det kjem inn under plankravet i lova. Vi presiserer at plankravet òg gjeld ved endring av planar, og medfører – i motsetnad til ein dispensasjon – medverknad for alle råka partar, og at relevante interesser blir vegne mot kvarandre. Ein reguleringsendring vil – òg i motsetnad til dispensasjon – endre sjølve planen, noko som er ein klar fordel med tanke på informasjon til innbyggjarar og ein transparent forvaltning.

Kommunen må vurdere om det er fleire sektorstyremakter sine fagområde som blir råka, og sende saka på høyring til alle – t.d. mineralforvaltninga, fylkeskommunen eller andre, i tillegg til Statsforvaltaren.

Oppsummering

Vi opphevar Sogndal kommune sitt vedtak av 21.10.2020 om dispensasjon for lenging av masseuttak. Saka blir sendt tilbake til kommunen for ny handsaming. Vi minner igjen om at «Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer» jf. pbl. § 19-1.

Klagen dykkar har ført fram. Krav om dekning av kostnadar som har vore naudsynte for å endre vedtaket, må sendast hit innan tre veker frå de mottek vårt vedtak jf. fvl. § 36.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sogndal kommune
KAUPANGER HOVEDGÅRD Christen
Knagenhjelm
NORCONSULT AS

Postboks 153	6851	SOGNDAL
Kaupanger Hovedgård	6854	KAUPANGER
Postboks 626	1303	SANDVIKA



Mottakerliste:

Erling Aune	Groavegen 16	6854	Kaupanger
Tor William Eikemo	Groavegen 18	6854	Kaupanger
Asbjørn Rune Aa	Holteigvegen 19	6854	Kaupanger
Inge Malm	Holteigvegen 15	6854	Kaupanger